



Notat

Til:

Knut Harald Frøland

Frå:

Jan Erik Boge

Tilleggsinformasjon til sak om nytt innkjøpsreglement for Samnanger kommune

Saknr/Journalnr	Arkivkode	Dato:
18/619/18/8324//JEB	FE-601	01.11.2018

Formannskapet handsama 25.10.2018 sak om forslag til nytt innkjøpsreglement for Samnanger kommune. Endeleg vedtak i saka skal gjerast av kommunestyret.

Formannskapet gav under si handsaming administrasjonen i oppgåve å leggja fram meir informasjon til kommunestyret si handsaming av saka. Dette gjeld følgjande informasjon:

1. Kva reglar har innkjøpslovverket om krav til arbeidsvilkår m.m. hos leverandørar?
2. Kva reglar/krav til arbeidsvilkår m.m. hos leverandørar har andre kommunar i sine innkjøpsreglement/økonomireglement?

Bakgrunnen for formannskapet sine ønske

Rådmannen sitt framlegg til nytt innkjøpsreglement er lagt opp til å vera meir «overordna» enn Samnanger sitt noverande reglement. Rådmannen foreslår at nye innkjøpsreglementet primært skal innehalda overordna reglar og prinsipp, ikkje detaljerte prosedyrer/rutinar for innkjøp. Det vert foreslått at rådmannen får fullmakt til å utarbeida og iverksetja detaljerte prosedyrer/rutinar for innkjøp.

Det går fram i framlegget til nytt innkjøpsreglement at kommunen sine innkjøp skal gjerast i samsvar med gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer/standardar og avtalar. I kommunen sitt noverande innkjøpsreglement har me nokre reglar som går ut over/er strengare enn reglane i lover, forskrifter m.m.

I tillegg til innkjøpsreglementet, har Samnanger også eit økonomireglement. I økonomireglementet (som vart vedteke i 2002), er det mellom anna relativt detaljerte reglar for korleis investeringar i kommunen skal gjennomførast. Desse reglane står i punkt 5.1 til 5.3 i økonomireglementet. For at det skal vera samsvar mellom reglane i økonomireglementet og det nye innkjøpsreglementet, foreslår rådmannen å gjera nokre endringar i punkt 5.1 i økonomireglementet («Planlegging av investeringsprosjekt»). I tillegg foreslår rådmannen å oppheva punkt 5.3 i økonomireglementet («Anbod- og kontraktsreglar»), fordi reglane i dette punktet i hovudsak vil vera dekka av reglane i det nye innkjøpsreglementet og reglane i innkjøpslovgjevinga. Innhaldet i punkt 5.3 er som følgjer:

«5.3. Anbods- og kontraktsreglar

Ved større byggeoppdrag skal det alltid hentast inn anbod.

Det organet som vedtek kostnadsoverslag og finansieringsplan, skal samstundes avgjera om det skal hentast inn anbod, og kven som skal ha mynde til å godkjenna anbod/velja etreprenør (jf. punkt 5.1).

Innkjøpsavtale ved kjøp av varer og tenester – vedteken av Samnanger Personal og økonomiutvalet, sak 19/99, 10.05.1999 – skal følgjast. I tillegg skal leverandøren oppfylla følgjande:

- *Har betalt skattar og avgifter til stat, fylke og kommune (Kemnerattest).*
- *Er godkjent som lærebedrift, der dette vert kravd.*
- *Har tidlegare innretta seg etter lover og reglar som gjeld for ei sunn næringsveksemeld.*
- *Har fast tilsette, og ikkje nyttar ulovlege kontraktørar.*
- *Har nødvendig kompetanse og soliditet.*

Hugs òg EØS-reglane ved innkjøp/investeringar.»

Formannskapet bad 25.10.2018 om at det til kommunestyremøtet 08.11.2018 vert lagt fram meir informasjon om kva reglar innkjøpslovgjevinga har når det gjeld dei krava som er lista opp i punkt 5.3 ovanfor.

Kva reglar har innkjøpslovverket om krav til arbeidsvilkår m.m. hos leverandørar?

Nedanfor følgjer oversikt som viser nokre relevante reglar i innkjøpslovgjevinga.

Lov om offentlige anskaffelser (LOV 2016-06-17-73)

(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2016-06-17-73>)

§ 5 Miljø, menneskerettigheter og andre samfunnshensyn

Det går i denne paragrafen fram at oppdragsgjevar (kommunen) kan stilla krav som gjer at kontrakten vert gjennomført på ein måte som fremmar omsyn til miljø, innovasjon, arbeidsforhold og sosiale forhold, under føresetnad av at krava/kriteria har tilknytning til leveransen.

§ 6 Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter

Det går i denne paragrafen fram at departementet i forskrift kan gje pålegg om at det skal takast inn klausular i teneste- og bygge- og anleggskontrakter som skal sikra løns- og arbeidsvilkår som ikkje er dårlegare enn det som følgjer av gjeldande forskrifter om allmenngjorte tariffavtalar eller landsomfattande tariffavtalar for dei aktuelle bransjane.

§ 7 Krav om bruk av lærlinger

Det går i denne paragrafen fram at oppdragsgjevar (kommunen) skal stilla krav om at leverandørar er tilknytta ei lærlingordning, og at ein eller fleire lærlingar deltek i arbeidet med gjennomføringa av kontrakten. Kravet gjeld i bransjar der departementet i forskrift har definert at det er særleg behov for læreplassar. Det går også fram at departementet i forskrift kan fastsetja nærmare reglar om krav om bruk av lærlingar.

Forskrift om offentlige anskaffelser (FOR-2016-08-12-924)
[\(https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-12-974\)](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-12-974)

§ 7-2. Skatteattest

Det går i denne paragrafen fram at oppdragsgjevar (kommunen) skal krevja skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt for anskaffelsar som overstig 500.000 kroner ekskl. mva. Dette gjeld berre for norske leverandørar. Ved bygge- og anleggskontrakter skal kommunen tilsvarande krevja skatteattest frå alle underleverandørar ved inngåing av kontraktar som overstig ein verdi på 500.000 kroner ekskl. mva.

§ 8-7 Kvalifikasjonskrav og dokumentasjon

(Denne paragrafen gjeld for anskaffelsar etter del II i i forskrifta – d.v.s. anskaffelsar med verdi mellom 1,3 millionar kroner ekskl. mva og EØS-terskelverdien for den aktuelle teneste-/ varegruppa)

Det går i denne paragrafen fram at oppdragsgjevar (kommunen) kan stilla krav til leverandøren sine kvalifikasjonar, inkludert krav til økonomisk og finansiell kapasitet og tekniske og faglege kvalifikasjonar.

§ 9-5 Avvisning på grunn av forhold ved leverandøren

(Denne paragrafen gjeld for anskaffelsar etter del II i i forskrifta – d.v.s. anskaffelsar med verdi mellom 1,3 millionar kroner ekskl. mva og EØS-terskelverdien for den aktuelle teneste-/ varegruppa)

Det går i denne paragrafen mellom anna fram at oppdragsgjevar (kommunen) skal avvisa ein leverandør som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava. I tillegg går det fram at ein leverandør skal avvisast dersom kommunen er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit førelegg for ein del typar straffbare forhold, mellom anna korruption og bedrageri.

§ 16-3 og 16-4 Krav til leverandørens økonomiske og finansielle kapasitet

(Denne paragrafen gjeld for anskaffelsar etter del III i i forskrifta – d.v.s. anskaffelsar med verdi over EØS-terskelverdien for den aktuelle teneste-/ varegruppa)

Det går i desse paragrafane fram at oppdragsgjevar (kommunen) kan stilla krav som er relevante for å sikra at leverandøren har den nødvendige økonomiske og finansielle kapasiteten til å utføra kontrakten.

§ 16-5 og 16-6 Krav til leverandørens tekniske og faglige kvalifikasjoner

(Denne paragrafen gjeld for anskaffelsar etter del III i i forskrifta – d.v.s. anskaffelsar med verdi over EØS-terskelverdien for den aktuelle teneste-/ varegruppa)

Det går i desse paragrafane fram at oppdragsgjevar (kommunen) kan stilla krav som er relevante for å sikra at leverandøren har dei nødvendige tekniske og faglege kvalifikasjonane til å utføra kontrakten.

§ 24-2 Avvisning på grunn av forhold ved leverandøren

(Denne paragrafen gjeld for anskaffelsar etter del III i i forskrifta – d.v.s. anskaffelsar med verdi over EØS-terskelverdien for den aktuelle teneste-/ varegruppa)

Det går i denne paragrafen mellom anna fram at oppdragsgjevar (kommunen) skal avvisa ein leverandør som ikkje oppfyller kvalifikasjonskrava. Det går også fram at leverandøren skal avvisast dersom kommunen er kjent med at leverandøren ikkje har oppfylt pliktene sine til å betala skattar, avgifter og trygdeavgifter. Det same gjeld dersom kommunen er kjent med at

leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedteke eit førelegg for ein del typar straffbare forhold, mellom anna korruption og bedrageri.

Etter § 24-4 kan ein leverandør også avvisast dersom oppdragsgjevar kan dokumentera at leverandøren har begått alvorlege brot på mellom anna bestemmelser om arbeidsforhold, sosiale forhold og tariffavtalar.

Forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene (FOR-2016-08-12-975)
(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-12-975>)

Denne forskriften (forsyningssforskrifta) gjeld for inngåing av vare-, teneste- eller bygge- og anleggskontrakter, eller plan- og designkonkurransar, med ansiått verdi lik eller over 100.000 kroner ekskl. mva, knytt til utøving av ulike forsyningsaktiviteter (mellan anna drift av drikkevatnanlegg).

Forsyningssforskrifta har bestemmelser om kvalifikasjonskrav m.m., som til dels er samsvarande med reglane i forskrift om offentlige anskaffelser. Reglane i forsyningssforskrifta vert ikkje gått nærmare inn på i dette notatet.

Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter (FOR-2008-02-08-112)
(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-02-08-112>)

Etter § 1 er føremålet med denne forskriften å medverka til at tilsette i verksemder som utfører tenester og bygge- og anleggsarbeid for offentlege oppdragsgjevarar, ikkje har dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av gjeldande almmengjeringsforskrifter eller landsomfattande tariffavtalar.

Forskrifta gjeld for tenestekontrakter og bygge- og anleggskontrakter som overstiger 2 millionar kroner ekskl. mva.

Det går fram i § 5 at oppdragsgjevar i sine kontrakter skal stilla krav om at tilsette hos leverandørar og eventuelle underleverandørar som direkte medverkar til kontrakten, har lønns- og arbeidsvilkår som beskrivne i forskriften.

Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter (FOR-2016-12-17-1708)
(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-12-17-1708>)

Denne forskriften gjeld når offentlege oppdragsgjevarar inngår tenestekontrakter og kontrakter om bygge- og anleggskontrakter som er omfatta av anskaffelsesforskrifta eller forsyningssforskrifta. For kommunale oppdragsgjevarar gjeld forskriften når kontraktverdien er minst 2 millionar kroner ekskl. mva.

Det går fram av § 6 i forskriften at oppdragsgjevar i sine kontrakter skal stilla krav om at leverandørar er tilknytta ei lærlingeordning, og at ein eller fleire lærlingar deltek i arbeidet med å oppfylla kontrakten. Det går også fram at denne plikta gjeld når kontrakten sitt hovudelement omfattar arbeid der det er relevant å nytta arbeidskraft med fag- eller svennebrev.

Det går fram av § 7 i forskrifta at kravet berre gjeld dersom det er særleg behov for læreplassar innanfor bransjen. Særleg behov for læreplassar er definert som «*når det ved siste søkning til videregående opplæring var klart flere søker til læreplass innanfor et utdanningsprogram enn antallet inngåtte lærekontrakter innen samme program*».

Oppsummering om reglar i innkjøpslovgjevinga

Som det går fram ovanfor, er det i innkjøpslovgjevinga krav knytt til arbeidsvilkår, bruk av lærlingar, økonomisk soliditet m.m. Det er likevel slik at det vil gjelda ulike lovkrav for ulike typar anskaffelsar (avhengig av kontraktverdi og kva som skal anskaffast). Nokre av lovkrava vil for kommunar sin del berre gjelda for kontrakter med verdi på 2 millionar kroner eller meir.

Rådmannskontoret sin intensjon i arbeidet med forslag til nytt innkjøpsreglement **er at Samnanger kommune skal følgja dei til ei kvar tid gjeldande reglar i lovverket for offentlege anskaffelsar**.

Kommunestyret kan sjølv sagt velja å fastsetja strengare krav enn lovkrava på nokre område, men det er likevel viktig at det ikkje vert fastsett strengare/andre krav enn det lovverket opnar for.

Etter gjennomgangen ovanfor ser rådmannskontoret at i oversikta i punkt 3 i framleggget til nytt innkjøpsreglement («Heimelsgrunnlag»), bør følgande tre forskrifter leggjast til:

- *Forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene*
- *Forskrift om plikt til å stille krav om bruk av lærlinger i offentlige kontrakter*
- *Forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter*

Lovverket for offentlege anskaffelsar er relativt komplekst, og Samnanger kommune har ingen tilsette som har formalkompetanse (formell utdanning) innanfor dette fagfeltet. Dersom kommunestyret ønsker at formannskapet sine spørsmål skal vurderast av nokon med formalkompetanse innanfor offentlege anskaffelsar, vil det vera mogleg å få gjort ei slik vurdering til kommunestyremøtet i desember 2018.

Kva reglar/krav til arbeidsvilkår m.m. hos leverandørar har andre kommunar i sine innkjøpsreglement?

Rådmannskontoret har sett på nokre andre kommunar sine innkjøpsreglement/-strategidokument for innkjøp. Reglementa/strategiane er ulike både med omsyn til oppsett og detaljeringsgrad, men har sjølv sagt likevel mange likheitstrekk. Nedanfor følgjer litt informasjon om nokre andre kommunar sine reglement/strategidokument:

- **Kvam herad**
(https://www.kvam.no/_f/p1/i78aff27e-e5d0-47a4-836a-00ffd87007a/innkjopsstrategi-2017-2020-strategi.pdf)
 - Eit av hovudmåla i heradet sin innkjøpsstrategi er å ta samfunnsansvar.
 - Tiltak under hovudmålet om samfunnsansvar er mellom anna:
 - Still krav om at leverandørar ikkje handlar i strid med menneskerettar.
 - Still krav om at leverandørar ikkje handlar i strid med forskrift om løns- og arbeidsvilkår.
 - Still krav om at leverandørar er tilknytta ei lærlingeordning der det er relevant.
 - Vurdera bruk av «reserverte kontraktar» (avgrensa konkurransen til verksemder der fleirtalet av dei tilsette har ei funksjonshemming som gjer at dei ikkje kan arbeida på ordinære vilkår).

- **Aure kommune**
[\(https://www.aure.kommune.no/_f/p1/i080fb04f-67a7-40e5-a7f3-8d5d4b271cd8/innkjopsreglement.pdf\)](https://www.aure.kommune.no/_f/p1/i080fb04f-67a7-40e5-a7f3-8d5d4b271cd8/innkjopsreglement.pdf)
 - Har med informasjon om krav til leverandørar om tilknytting til godkjent lærlingeordning og inntak/bruk av lærlingar (punkt 4.3).
 - Har med informasjon om krav til leverandørar om løns- og arbeidsvilkår (punkt 4.4).
 - Har med informasjon om krav til leverandørar om etikk og antikorrupsjon (punkt 4.5).
- **Ringebu kommune**
[\(https://www.ringebu.kommune.no/tjenester/om-ringebu/administrasjon/strategi-og-utvikling/innkjop/innkjopsreglement/\)](https://www.ringebu.kommune.no/tjenester/om-ringebu/administrasjon/strategi-og-utvikling/innkjop/innkjopsreglement/)
 - Har med informasjon om krav til etisk handel, løns- og arbeidsvilkår og grunnleggjande menneskerettar (punkt 5).
- **Flora kommune**
[\(https://www.flora.kommune.no/getfile.php/3990986.1866.busktwqqi7tnsm/Innkj%C3%B8psreglement+vedtatt+230517.pdf\)](https://www.flora.kommune.no/getfile.php/3990986.1866.busktwqqi7tnsm/Innkj%C3%B8psreglement+vedtatt+230517.pdf)
 - Har ikkje med punkt om løns- og arbeidsvilår m.m. i reglementet.
 - Det vert i reglementet vist til at kommunen skal følgja gjeldande lover, forskrifter, retningslinjer/standardar, avtaler, kommunen sitt økonomireglement og etiske reglement.
 - I Flora kommune sin innkjøpsstrategi
[\(https://www.flora.kommune.no/getfile.php/3990987.1866.jmtbubbupsbjt/Innkj%C3%B8psstrategi+Flora+kommune.pdf\)](https://www.flora.kommune.no/getfile.php/3990987.1866.jmtbubbupsbjt/Innkj%C3%B8psstrategi+Flora+kommune.pdf) er det eit punkt om at det i relevante innkjøp skal stillast krav om at leverandør er lærbedrift og skal kunne tilby lærlingepllassar. Det er også med eit punkt om kontrollrutinar for å hindra sosial dumping og svart økonomi.

Oppsummering - reglar/krav i andre kommunar sine innkjøpsreglement

Fleirtalet av kommunane rådmannskontoret har sett på, har i sitt innkjøpsreglement/innkjøpsstrategi med punkt om krav til løns- og arbeidsvilkår, samt punkt om krav om lærlingeordning/lærlingepllassar der dette er relevant.

Har andre kommunar reglar om innkjøp i sine økonomireglement?

Rådmannskontoret har sett på økonomireglementa til nokre andre kommunar, for å finna ut om dei har reglar om arbeidsvilkår for leverandørar, krav om bruk av lærlingar m.m. der.

- **Ringebu kommune**
[\(https://www.ringebu.kommune.no/_f/p9/i08d480ca-5e4e-4064-b85f-6d39271619da/okonomireglement_2018_kst_vedtak.pdf\)](https://www.ringebu.kommune.no/_f/p9/i08d480ca-5e4e-4064-b85f-6d39271619da/okonomireglement_2018_kst_vedtak.pdf)
 - Har ikkje med innkjøpsreglar eller krav knytt til innkjøpskonkurransar i økonomireglementet sitt. Det vert i § 19 i økonomireglementet vist til at kommunen utarbeider eit eige innkjøpsreglement.
- **Flora kommune**
[\(https://www.flora.kommune.no/okonomireglement.364759.nn.html\)](https://www.flora.kommune.no/okonomireglement.364759.nn.html)
 - Har ikkje med innkjøpsreglar eller krav knytt til innkjøpskonkurransar i økonomireglementet sitt.

- **Gloppen kommune**
(<https://gloppen.kommune.no/regelverk/okonomireglement/>)
 - Har ikkje med innkjøpsreglar eller krav knytt til innkjøpskonkurransar i økonomireglementet sitt.
- **Levanger kommune**
(http://www.levanger.kommune.no/Global/dokumenter/okonomireglement_lk.pdf)
 - Det vert i punkt 6.2 i økonomireglementet stilt krav til leverandørar om levering av skatteattestar, stadfesting på at leverandøren har eit godkjent HMS-system, samt anna dokumentasjon som følgjer av anbodsspesifikasjonar, lover eller forskrifter.
 - Har også eit punkt om innkjøpsreglar i økonomireglementet (punkt 8.1), der det vert vist til lov om offentlige anskaffelser og kommunen sitt innkjøpsreglement.
- **Verdal kommune**
(http://www.verdal.kommune.no/Documents/okonomi/2017/okonomireglement_2017.pdf)
 - Det vert i punkt 7.2 i økonomireglementet vist til at det ved investeringsprosjekt skal nyttast anbodskonkurranse i samsvar med lov om offentlige anskaffelser. Det vert i same punkt også stilt krav om skatteattestar, eigenerklæring HMS m.m.
 - Har også eit eige punkt om innkjøpsreglar i økonomireglementet. Der vert det vist til kommunen sine retningslinjer for anskaffelse.

Oppsummering - reglar om innkjøp i andre kommunar sine økonomireglement

Fleirtalet av kommunane rådmannskontoret har sett på, har ikkje detaljerte reglar om innkjøp i økonomireglementet sitt.